



**DEN NORSKE KYRKJA**

**Prosten i Sunnfjord**

**Kyrkjevegen 23, N-6800 FØRDE**

TLF. 57 82 81 80 \* e-mail: sigurd.vengen@fordekyrkje.no \* FAX: 57 82 81 81

Bankgiro: 3705.03.63857 \* *Sunnfjord Prostutval* bankgiro: 3705.03.63911



med Gud og godt humør dok32

Kultur- og kirkelep.  
KI

Saksnr. 03/385 Dato 27/11/03

Kode 540 Ref. KRS

Til  
Kultur- og kyrkjedepartementet

## Høyringsfråsegn frå Prosten i Sunnfjord til framlegg til nye Tenesteordning for prost og kyrkjelydsprest

Det vert vist til brev av 10.10.03 frå Kultur- og kyrkjedepartementet med framlegg til ny tenesteordning for prost og kyrkjelydsprest.

Generelt vil eg gje mi tilslutning til framlegga om å gjere prostiet til felles tenestedistrikt for prestane, men med viktige atterhald og presiseringar. Ein må klargjere og uttrykke:

- tilhøvet mellom prest og kyrkjelyd slik at ein kvar kyrkjelyd er under pastoral leiing av ein prest;
- det positive tilhøvet mellom prost (prest), andre tilsette, og kyrkjelyden er noko grunnleggande meir enn det som let seg definere i arbeidslivskategoriar;
- ein "føremålparagraf" som viser at tenesta for prest og prost er noko meir enn å utføre einskildtenester.

I tillegg må ein vurdere om det er mogeleg å skaffe heimel for å endre tenestedistriktet ut over dagens prestegjeldsgrenser for alle prestane samtidig. Om ikkje det er mogeleg må ein vere budd på ein betydeleg innsats for å skape endringsvilje og motivasjon hos prestane, og at det på vegen vil vere rikeleg rom for konflikter og samarbeidsvanskar.

### 1. Prost

Tenesteordningane for prest, prost og biskop står nødvendigvis i ein indre samanheng. I samsvar med tradisjonell luthersk embetsforståing har kyrkja eitt embete. Ein kan såleis underforstå at det grunnleggande føremålet som er uttrykt for bispe-tenesta også gjeld prost og prest. Samtidig er det trong for at det på alle tre nivå blir klargjort og uttrykt tilhøvet mellom dei tre, kva som er spesifikt for kvar tenestekategori, og kva som er grunnleggande felles. Det er også eit pedagogisk element her. Ei kvar tenesteordning bør vere tydeleg og klar nok i seg sjølv, og ikkje føresetje at ein har dei andre tenesteordningane ved sidan av.

Det er dessutan avgjerande viktig når ein går bort frå regelstyring til målstyring nettopp å klargjere føremål og målsetting. I dette perspektivert er det underleg at § 2 i den gjeldande tenesteordning for prost er teke ut utan å bli erstatta med noko betre: *Prosten skal arbeide for gode kollegaforhold og et godt åndelig fellesskap mellom de kirkelige ansatte i prostiet, stimulere til studier og etterutdanning og bistå kirkelige tjenestemenn og organer med faglig veiledning og råd og støtte.*

I framlegget til ny tenesteordning for prost er det underforstått og uttrykt at prosten si teneste omfattar langt mykje meir enn å vere leder for prestatjenesten.

T. d. uttrykt i §2 *Prosten er forpliktet på de mål og strategier som er fastsatt for virksomheten i Den norske kirke* (og såleis ikkje berre prestatenesta); §5 *Prosten skal sørge for den nødvendige samordning mellom prestatjenesten og de kirkelige rådenes virksomhet. ...Prosten har rett til å ta del i menighetsmøter og menighetsrådsmøter i prostiet* (dvs. alle slags saker). ...*Prosten skal holde seg godt orientert om de kirkelig ansattes arbeidsforhold* (i tillegg til prestane); §6.b. *Foretar prostebesøk i prostiets menigheter etter den ordning som er fastsatt i bispedømmet* (prostevitjing gjeld heile kyrkjelydslivet); §6.c *deltar i forberedelse og gjennomføring av bispevisitaser* (førebuinga gjeld som regel meir enn kontakt med soknepresten); §6.g *foretar vigsling til fast kirkelig tjeneste som organist, klokker, daglig leder etc* ....(noko som føreset føregåande kontakt og samtalar); §6.h *innsetter menighetsprest, kateket, kantor og soknediakon* ... §6.i *holder seg orientert om kirkene i prostiet og medvirker ved kirkevigsler* (som inneber samarbeid med kyrkjetenar, kyrkjeverje); §6n *gir uttalelse i saker som gjelder forhold i prostiet* (gjeld alle saker, ikkje berre prestatenesta).

Dersom desse oppgåvene skal kunne ivaretaast på ein tilfredsstillande og funksjonell måte, må ein plassere prostetenesta i høve til andre tenester og kyrkjelydane i det heile, og stille den omfattande tenesta under eit samlande føremål. Dersom ikkje det skjer vil den nye tenesteordninga lett føre til at ein berre stadfestar og strykjer todelinga av arbeidsgjevaransvaret. Ny tenesteordning kan i visse høve bli brukt til å avgrense og isolere prostens sitt ansvar til berre å gjelde prestatenesta. Det finst rikeleg døme på at det etter gammal tenesteordning kan ha vore vanskeleg nok å etablere eit tenleg og godt samarbeid mellom dei to arbeidsgjevarane i kyrkja. Ein løysar ikkje desse vanskanene ved å dele arbeidet i kyrkja endå tydelegare. Då må ein heller uttrykkeleg lage avgrensingar som hindrar prostens i å opptre som arbeidsgjevar, og samtidig legge til rette for å vere prost for alle.

Det har etter kvart blitt meir og meir oppslutning om den tanken at arbeidsgjevaransvaret må samlast. Eit tenleg nivå vil truleg då vere prostiet, men med basis i sokna. Det vil vere naturleg å tenkje seg ei organisering av arbeidsgjevarmyndet mellom prost og råd tilsvarande den ein finn mellom biskop og bispedømeråd i dag. Det er vidare rimeleg å tru at utviklinga vil gå i retning av samanfall mellom fellesråds- og prosti-grenser. Den nye tenesteordninga bør i større grad difor legge til rette for at prostiet kan verte eit strategisk nivå for kyrkjelydane og dei tilsette.

På denne bakgrunn må *Tjenesteordning for proster* få eit uttrykt føremål, t.d. slik (mine framlegg understreka):

*§1. Prosten leder prestetjenesten i prostiet og bistår biskopen i dennes embetsutøvelse.*

*Gjennom forkynnelse og sakramentforvaltning skal prosten fremme kristen tro og liv, bevare fellesskap og enhet i menighetene, fremme og støtte fellestiltak mellom prostiets menigheter, og bidra til samarbeid, gode kollegaforhold og godt åndelig fellesskap mellom de kirkelig ansatte i prostiet. (Prosten kan ikke gi bindende pålegg som vedrører kirkelig tilsattes tjenesteutøvelse uten om prestene.)*

## 2. Kyrkjelydsprest

På tilsvarande måte som for prosten, må prestetenesta få eit uttrykt føremål. Framlegget står i fare for å stadfeste og styrkje ei forståing av presten som har utvikla seg dei siste åra, nemleg slik at presten blir ein funksjonær, som utfører einskildoppgåver, men har ikkje ei samanhengande og heilskapeleg teneste og tilsvarande pastoralt ansvar. Etter vår kyrkje si klassiske forståing av prestetenesta, er ein prest aldri noko utan ein kyrkjelyd. Presteteneste er pr. definisjon kyrkjelydsteneste, og finst for at trua og fellesskapet i trua skal kunne bli til, vare og vekse.

Med dette som basis og utgangspunkt, må nyorganiseringa av prestetenesta sikre at kvar kyrkjelyd har sin eigen prest. Eg forstår framlegget slik at ein kan utvikle og etablere ordningar som fungerer slik. Det er likevel ikkje nok. Det kan bli ei umogeleg oppgåve for ein prost å iverksette ny ordning utan å kunne bygge på denne basale føresetnaden. Ein kan såleis vere redd for at prestar som ikkje utan vidare ser nokon fordel i å gå inn på ei frivillig omorganisering i samsvar med intensjonane, vil setje seg imot ei kvar forandring, og ha heimel for det. Dersom ein skal overtyde kyrkjelydane, rådsorgana og prestane om at prostiet er felles tenestedistrikt, må ein stadfeste den grunnleggande forståinga av fellesskapet mellom prest og kyrkjelyd.

Desse synsmåtane kan konkretiserast slik:

Ein prest bør ha ein pastoral leiarfunksjon i høve til sitt særskilte arbeidsområde og er geistleg representant i soknerådet her. I landdistrikta vil ein, som t.d. i Sunnfjord prosti, måtte rekne med fleire små kyrkjelydar med si eiga kyrkje, og desse kyrkjelydane er så små at dei ikkje er sjølvstendige sokn. Omgrepet prestegjeld bør ein ikkje gjere bruk av i tenesteordninga. Nyordninga bør vidare innebere at om lag ¾ av den presteteneste det her er bruk for, vert utført av den presten som har det pastorale leiaransvaret her. Når ein så gjer presteteneste utan om dette primærområdet, har då presten ein annan leiarfunksjon, og må følgje dei føringar dette området sin prest har lagt. Alle kyrkjelydsprestar bør ha same ansvar, same løn og same tittel. Berre i store bykyrkjelydar som naturleg har trong for fleire prestar ved ei kyrkje, vil det difor vere naturleg å nytte nemninga kapellan. Alle prestar utanom prosten og prostipresten burde såleis vere sokneprestar. Det bør tilsvarande bety at prosten bør få utøve leing i høve til alle prestane på same måte, og bør t.d. gjennomføre medarbeidarsamtale med alle prestane i prostiet. Prestane bør mest mogleg tydeleg framstå pastorale leiarar for kyrkjelydane, og prosten er på si side leiar for denne prestetenesta samla i prostiet, og medverkar elles i biskopen si embetsutøving.

På grunnlag av overståande refleksjonar, vil ein med utgangspunkt i framlegget til *Tjenesteordning for menighetsprest*, kunne tenkje seg følgjande (mine framlegg understreka):

*§ 2. Presten skal, som forvalter av Ord og sakrament, fremme kristen tro og liv ved*

- a) *å holde forordnede gudstjenester*
- b) *å forrette kirkelige handlingar*
- c) *å utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring*
- d) *å utøve sjelesorg, gå med dødsbud, reise i soknebud og også ellers besøke syke, og*
- e) *å rettlege og oppmuntre menighet(e) som en har pastoralt ansvar for.*

*§ 7. Presten skal utføre sin tjeneste i samsvar med Den norske kirkes ordninger. Gudstjenester og kirkelige handlinger forrettes etter de fastsatte liturgier. Liturgier og ordninger kan bare fravikes når de selv hjemler det. Når presten gjør tjeneste i andre menigheter i prostiet enn der presten har et særskilt pastoralt lederansvar, må tjenesten utføres i samsvar med føringer gitt av prest som er ansvarlig for vedkommende menighet.*

§ 8. Presten står under tjenestlig tilsyn av biskopen. Prosten er nærmeste overordnede for alle menighetsprester og prostiprest(er) i prostiet. Tjenestlig korrespondanse med høyere myndighet skal gå tjenesteveg gjennom nærmeste overordnede.

§ 9. Alle menighetsprester har hele prostiet som tjenstedistrikt, men med eg særskilt pastoralt ansvar for en eller flere menigheter. Instruks viser omfanget av prestens pastorale ledelse og arbeidsmengde.

§ 10. Prosten leder preste-tjenesten i prostiet og fordeler de oppgaver mellom prostiets prester som ikke allerede er pålagt den enkelte prest ved instruks eller særskilt bestemmelse gitt av høyere myndighet. (resten av framlegget blir utelate)

§ 11. Enhver menighetsprest har rett til innenfor sitt tjenstedistrikts grenser å utføre kirkelige handlinger som ønskes forrettet av dem. (...)

For å ivareta ansvaret for presters fritid kan prosten uten hinder av annet og tredje ledd ovenfor pålegge en prest å gjøre tjeneste i alle menighetene i prostiet.

§ 13. Ansvar for kirkebokføringen tilkommer den prest som har det pastorale lederansvaret for det eller de sokn som utgjør dennes særskilte arbeidsområde, med mindre vedkommende myndighet har truffet bestemmelse om en annen ordning. Begjæringer om å få utført kirkelige handlinger rettes til ansvarlig prest i vedkommende tjenesteområde. Melding om kirkelige handlinger etc.

Førde 26.11.03

Venleg helsing  
PROSTEN I SUNNFJORD

  
Sigurd Vengen